

## VEDTEKTER FOR BJOA BYGDEUTVIKLINGSLAG

- § 1 Bjoa Bygdeutviklingslag er eit frittstående lag med ope medlemskap for alle som bur på Bjoa. Årsmøtet, eller styret etter fullmakt frå årsmøtet, kan i tillegg gi medlemskap til personar som bur utanfor Bjoa, men som kjenner seg knytt til bygda og ønskjer å delta i laget sitt arbeid.
- § 2 Bjoa Bygdeutviklingslag skal driva framtidretta bygdeutvikling på Bjoa, med vekt på lønsam næringsutvikling og gode bu- og oppvekstvilkår, **herunder skule**, for å bidra til at Bjoa skal vera eit levande og attraktivt bygdesamfunn.
- § 3 Årsmøte er høgste organ i laget. Vanleg årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av **mai**. Røysterett på årsmøtet har alle medlemmer frå og med det året dei fyller 15 år.
- Vanleg årsmøte skal handsama følgjande saker:
1. Årsmelding frå styret
  2. Rekneskap for årsmøteperioden
  3. **Evt.** forslag til arbeidsplan for neste periode.
  4. **Evt.** budsjett for neste periode.
  5. Val av : Leiar for 1 år  
To styremedlemmer for 2 år  
**To** varamedlemmer i nummerorden for 1 år  
Revisor for 1 år  
Valnemnd på tre medlemmer for 1 år.
  6. Årsmøtet kan ta opp andre saker, når desse er sett opp på sakslista og **kunngjort for** medlemmene saman med innkallinga.
- § 4 I årsmøteperioden blir laget leia av styret. Det skal vera samansett av 5 medlemmer, medrekna leiaren. Styret konstituerer seg sjølv etter årsmøtet. Styret har ansvar for at laget arbeider i samsvar med føremålsparagrafen, og at drifta så langt det er praktisk mogleg følgjer den vedtekne arbeidsplanen. Styret skal leggja fram årsmelding og revidert rekneskap for årsmøtet. Desse meldingane og innstillinga frå valkomiteen skal **kunngjerast for** medlemmene saman med innkalling til årsmøte, seinast 14 dagar før årsmøtet. I arbeidsåret skal styret informera medlemmene om arbeidet i laget o.a. på hensiktsmessig måte.

- § 5 Styret kan på eige initiativ, eller etter krav frå 20 medlemmer, kalla inn til ekstraordinært årsmøte. Saksliste og innkalling skal **kunngjerast for** medlemmene seinast 14 dagar før møtet.
- § 6 Laget har eit ideelt føremål, og skal ikkje driva regulær næringsverksemd.
- § 7 Vedtektene kan endrast av vanleg årsmøte, når endringsframlegget er **kunngjort for** medlemmene saman med innkalling til årsmøte. Ved vedtektsendring trengst det 2/3 fleirtal av dei frammøtte, og minstekrav til frammøte er 20 medlemmer. Ved mindre frammøte må framlegget opp til ny avgjerd i nytt årsmøte eller ekstraordinært årsmøte. Ved andre gongs handsaming kan vedtektene endrast med 2/3 fleirtal.
- § 8 Laget kan løysast opp når årsmøtet gjer vedtak om det på to etterfølgjande årsmøte, og begge gonger med 2/3 fleirtal. Minste frammøte på begge årsmøta må vera 20 medlemmer. Ved oppløysing av laget skal aktiva i laget disponerast i samsvar med føremålsparagrafen.

Vedtektene er fastsette på skipingsmøte den 9. Mai 2000, **sist endra på årsmøte 28. mai 2026.**